

4/7/2025

Bestandsplanområde for hjortevilt i Årdal kommune Planperiode 2025-2027

BESTANDSPLAN FOR HJORTEVILT ÅRDAL KOMMUNE



HJORTEVILT

Forvaltning av hjortevilt er eit felles ansvar uavhengig av vald og kommunegrenser.

Hjorteviltbestanden skal vere til nytte og glede for grunneigarar, jegerar og ålmenta. Plan og retta avskyting er vegen å gå for å fordela både fordelane og ulempene med hjorten.



ÅRDAL BESTANDSPLANOMRÅDE	TELEFON: Leiar: 97 09 38 31 E-POST: olav.bjorkum@gmail.com
BESTANDSPLAN 2025 -2027	DATO: 07.04.2025
FORFATTAR: Vidar Moen og Olav Bjørkum Forslag til bestandsplan er lagt fram til årsmøte til Årdal bestandsplanområde, 07.04.2025.	Leiar: Olav Bjørkum Styremedlemer: Endre Offerdal, Jostein Holsæter, Jasmin Eminovic, Roger H. Vetti og Vidar Moen

Planen er den fjerde bestandsplan for hjort i Årdal kommune, gjennom historia. Den fyrste plan vart godkjent i 2016. Erfaringane er så langt udelt positive. Vi ser at valdansvarlege og jegerar er lojale til planen og levera på måltal kvar år.

Bestandsplan for hjortevilt i Årdal kommune gjeld for hjort, elg og rådyr og er gjeldande frå jakta 2025 t.o.m. jakta 2027.

Bestandsplanområdet omfattar heile kommunen og inneheld 6 ulike driftsplanområder. Innanfor det enkelte bestandsplanområde er det delt i fleire vald. For denne perioden har Eldegarden storvald, som også er eige driftsplanområde, delt seg opp i 3 ulike vald. Desse tre valda vil i komande planperioden utgjere Eldegarden Driftsplanområde som tidlegare.

Oppsummert frå førre planperiode syner at vi brukar kortare tid pr felt hjort sett hjort pr jegerdag har stabilisert seg, og vi har klart å følge plan i alle driftsplanområder slik at vi har nådd målsettinga for planperioden.

Denne bestandsplan legg opp til at vi vidarefører same tildeling da målet er å stabilisere bestanden. Sidan Svalheim og Øygarden sitt areal ikkje var med i førre bestandsplanar, tilhøyrande Eldegarden, resulterer det ei auka i tildelinga på 5 løyver pr år.

Det har vore diskutert å ta ned tildelinga men styret har kome fram til at vi beheld ramma for tildeling og at den enkelte valdansvarlege reduserer sitt uttak på bakgrunn av sin kunnskap og mål. Samarbeid og årleg evaluering er viktig for å sjå utviklinga.

Eit spørsmål som dukkar opp kvart år er fri kalveskyting og jakttider. Styret har landa på at vi har så stor restandel etter kvar jaktseong at det er rom for evt kalveskyting kan ein gjennomføre utan ekstra løyver. Flytting av løyver kan vere eit bidrag.

Når det gjeld jakttider ser vi at vi i den utvida jakttida tek ut om lag 20% av felt hjort, dette fordelar seg likt i august og januar jakta. Det betyr at utvida jakttid påverkar uttaket betydeleg.

Det er fortsatt slik at vi må ta omsyn til CWD situasjon med årleg uttak av prøvar.

I samband med auka uttak av hjort nær Hydro Aluminium ser vi også ein auke i fluorskade på hjorten. Tiltak må gjerast både i forvaltning av hjort men og hjå den som forureinar. Oppsummert må vi sei at vi har vore flinke og lojale til plan samla sett. Det syner resultata i rapporten under.

Når det gjeld elg og rådyr kan det sjå ut for at bestanden har gått ned om ein skal tolkar det ut frå fellingsresultata og tilbakemelding frå dei ulike Driftsplanområda.

Felling av elg har sidan midten av 90-talet hatt ein fallande trend. Ein må vurdere om bestanden er haustingsverdig eller berekraftig.

Bestanden av rådyr synes å vere redusert i fleire av Driftsplanområda. Det er registrert gaupe i fleire av områda i kommunen som påverka bestanden av rådyr. Det er framleis mykje rådyr i Seimsdalen og det er registrert auka plage for hageeigarar og mengde flått i området.

Styret har gjort sine vurderingar på bakgrunn av tilbakemeldingar frå dei ulike Driftsplanområda og vurderingar av tidlegare planar sett opp mot oppnådde resultat.


Årdal bestandsplanområde for hjortevilt

Årdal bestandsplanområde for hjortevilt er sett saman av representantar frå grunneigarar og jaktrettshavarar innanfor Årdal kommune, og har teke på seg jobben å utarbeide framlegg til bestandsplan for kommunen. Planen må godkjennast av årsmøtet i bestandsplanområdet, og i det politiske system i kommunen før den vert gjeldande. Planen tek føre seg heile kommunen og vil såleis kunne vere førande også for dei valda som vel å ikkje vere medlem i bestandsplanområdet.

Organisering, drift og økonomi

Bestandsplanområdet vert styrt etter vedtekter for bestandsplanområdet som vist i vedlegg. Det er valda i kommunen som kan vere medlemmer i Årdal Bestandsplanområde, det må ligge føre ein underskriven samarbeidsavtale mellom valdet og bestandsplanområdet. Valda vert representert gjennom valdsansvarleg.

Styret på 6 personar er samansett av ein representant frå kvart av driftsplanområda. Årsmøtet vel leiar jfr vedtektene.



Kart syner grenser mellom dei ulike driftsplanområder samt leiar og vara i dei ulike driftsplanområde i denne planperiode.

01 Offerdalen, 02 Seimsdalen/Nundalen/ Hæreid, 03 Fardalen, 04 Utladalen, 05 Eldegarden og 06 Vikadalen.

Styret driv planområdet etter vedtekter og vedtak fatta på årsmøte. Bestandsplanområdet kan engasjere eigen sekretær for den faglege oppfølging av planen, rapportering og eventuelle justeringar undervegs. Arbeid med dette skal konkretiserast i Bestandsplanrådets arbeidsplan og budsjett. Det vil og verte trong for arbeid knytt til informasjon, kompetanseheving og auka oppslutnad.

Kostnader til drift av bestandsplanområdet vert søkt dekkja gjennom det kommunale viltfondet. Årsmøtet vurderer evt trongen for kontingent frå kvart vald. Valda er sjølv ansvarlege for å krevje inn kontingent hjå sine jaktfelt. Andre inntekter kan vere oppdrag for viltforvaltninga og søknad om støtte frå andre kjelder. Det enkelte vald betalar sjølve inn fellingsavgifta til kommunen som no.

Årdal kommune er informert og involvert i arbeidet med bestandsplan. Kommunen har likevel sine mål i årlege tildelingsvedtak. Sist målsetting ifm tildelingen for 2022 var mål for felling av hjort, minimum 250 hjort pr år.


På grunn av for spreiding av CWD hos hjortevilt har kommunen føringar frå Mattilsynet og Miljødirektoratet om reduksjon i tettheit av hjortevilt i kommunar som grensar til eller er naboar til Nordfjella. Ein kan kanskje forvente at det vert pålegg i samband med gjenoppbygging av villreinstammen i Nordfjella.

BESTANDSPLOMRÅDE FOR HJORT, AVGRENSING OG STORLEIK

Årdal ligg i skilje mellom aust og vest og har såleis ein blanding av vestlandsklima og austlandsklima.

Alt tilgjengeleg areal i kommunen er godkjent som vald innanfor bestands-planområdet. På nordsida av området frå Lusterfjorden i vest til grensa med Luster i Utladalen i aust. På sørsida frå kommunegrensa til Lærdal i vest til grensa med Luster i Utladalen i aust, totalt 204201 da

Dette er ikkje ei ideell avgrensing eit bestandsplanområde i høve hjortebestanden då ein veit at delar av bestanden i kommunen har delar av årsleveområde sitt i nabokommunane Lærdal og Luster. Ein del av føremålet med bestandsplanområder var at avgrensinga vert gjort av omsyn til hjorten sin bruk av området, og at andre omsyn vert sett til side. Dette er ein prosess som vil ta noko tid, fram til tida er moden for planlegging av bestand over kommunegrensene må ein få til eit samarbeid som utvekslar erfaringar og tek omsyn til kvarandre sine planar og mål.






Kart over Årdal bestandsplanområde Hjortevald vert rekna opp til 900 m.o.h.

Merking av hjort i Årdal kommune

Hjort merka i Årdal syner at dei fleste som er merka held seg innanfor bestandsplanområdet. Vi har totalt merka 5 dyr sidan 2010, eit har vandra ut av bestandsplanområdet.


1. RESULTAT TOTALT FOR ÅRDAL I PERIODEN 2016 - 2024
















Jaktuttaket for perioden 2022-2024,samla mål og resultat

- Maksimum 15 % eldre hanndyr (15,6 % i planperioden)
- Maksimum 22 % hodyr 2,5 år og eldre 19,8 i planperioden)
- Maksimum 10 % spissbukk (Snitt 12,7 i planperioden)
- Minimum 30-35 % kalv av samla uttak (32, 4 i planperioden)
- Kalv og ungdyr samla skal utgjere minimum 65 % (64,6 i planperioden)
- Fordelinga mellom kjønn for alle årsklassar samla skal vere nøytral eller helst ha ei lita overvekt av hodyr (53,2 % ho i planperioden)







FALLVILT AV HJORT



Fallvilt av hjort i perioden 2016 - 2024



Det har i perioden vert ei auke i påkøyrt hjort i kommunen. Siste periode 2022-2024 er det registrert tilsaman 39 fallvilt av hjort.



Graf syner påkøyrt hjort i kommunen i perioden 2016 – 2024.







OPPFØLGING AV VEKT OG ALDER


Vi har i perioden hatt som mål å auke gjennomsnittsalderen hjå dei vaksne dyra i bestanden med å ta ut større andel ungdyr. I denne rapporten har vi ikkje klare resultata etter kjevegransking og registrering av alder. Vi har lykkast i å nå mål for uttak av ungdyr.

Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr – følgje opp slaktevektregistreringane for kalv og ungdyr.

Det er eit stykke att før vi får levert inn vekt på alle felte hjortar. Må fokusere på dette i neste planperiode og gjerne har dokumentert vekt på kalv spesielt.

Uttak av dei minste dyra i kvar kjønn- og aldersklasse og skjerming av dei store. Her må vi ha betre innrapportering pr vald for å kunne nytte data til analyse.





Grafen syner ein trend på lågare alder på vaksen bukk og ein relativ stabil alder på vaksne koller.

OPPSUMMERT OG VEGEN VIDARE

- Vi er felt totalt 550 hjort i planperioden det gir ein rest på 338 dyr iht tildelt hjort.
- Fellingsprosenten er i snitt på 62% i sist planperiode medan vi hadde 75% i begge dei førre planperiodane.
- Vi brukar mindre timar pr felt hjort en tidlegare.
- Vi ser mindre hjort pr jegertime og er komen ned på mål.
- Jaktuttak på kjønn og alder er som planlagt i planperioden.
- Vi ligg litt høgt på sett koller pr bukk.
- Sett hjort i ulike kategoriar ligg på plan.
- Påkøyrte hjort 2022: 2 stk, 2023: 4 stk og 2024: 10 stk hjort.

PLAN FOR 2025 - 2027

Grunnlag for løyver i planperioden

- I tråd med MD sitt skriv av 28.02.2019 om halvering av bestanden ift 2016 vart minstearealet for vald tilhøyrande Bestandsplan satt ned 20% i høve til plan for 2016-2019
- Vikadalen og Offerdalen frå 800 til 640 da, Eldegard og Seimsdalen frå 1000 da til 800 da, Utladalen og Fardalen frå 1200 da til 960 da. Høgdegrensa er på 900 m.o.h.
- For planperiode 2022-2024 vart det bestemt å redusere arealet pr løyve i bestandsplanområdet med ytterligare 10 %
- Vikadalen og Offerdalen frå 640 da til 576, Eldegard og Seimsdalen frå 800 da til 720, Utladalen og Fardalen frå 960 da til 864. Høgdegrensa er på 900 m.o.h.
- Minstearealet for godkjenning av vald vert ikkje endra.
- For planperioden 2025-2027 vert det ein auke sidan areala til to vald og tildelingar ikkje har vore med i planområdet.
- Dette medførte at vi auka løyver frå 296 til 301 i perioden 2025-2027.

Mål i perioden

- Hovudmålet for denne planperioden har vert å stabilisere bestanden i høve til sett hjort pr jegertime siste planperiode. Målet er å ligge på eller like under 0,3 hjort pr jegertime og stabilisere det der. Dette skal gjerast innafor berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetting om ein føreseieleg bestandsutvikling til gode for jaktrettshavarar, næringsverksemd og andre samfunnsinteresser.
- Målsettinga er ein hjortebestand med stor produksjonsevne ut i fra beitegrunnet der gjennomsnittsalderen i bestanden er relativt høg.
- Dette skal legge grunnlaget for ei stabil og robust bestand som skal gje grunnlag for eit årleg uttak på omlag 250 hjort. Det gir ein fellingsprosent på 83%.

Delmål i perioden:

- Halde på eit godt kjønnsforhold i bestanden. Tilhøva kolle /bukke skal ligge innanfor området 1,2 på sett hjort observasjonar.
- Legge tilrette for eit uttak lokalt i driftsplanområda som tek omsyn til lokale ynskje og behov. I dei områda eller valda der ein ynskjer å ta ned tildelinga kan ein nytte seg av 50% regelen som gir høve til å regulere tildelingsarealet opp og ned med 50%. Det same kan ein gjere for elg og rådyr.
- Legge til rette for betre avgjerslegrunnlag i hjorteforvaltninga. Innlevering av sett hjort skjema skal vere 100%. Dette gjeld også jaktfelt innanfor storvald.
- Sett hjort pr jegertime $< 0,3$
- Sett kalv pr kolle $> 0,6$
- Merking av dyr for å auka kunnskap om vandring. Samarbeide med andre kommunar for kartlegge vandring.
- Fellingsprosent $> 75\%$
- Samarbeid over valdgrenser.
- Auke gjennomsnittsalderen hjå dei vaksne dyra i bestanden.
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr – fylgje opp slaktevektregistreringane for kalv og ungdyr. Pålegge dokumentert vekt.?
- Uttak av dei minste dyra i kvar kjønn- og aldersklasse og skjerming av dei store.
- Sett hjort pr jegertime har gått gradvis nedover siste to planperiodar og var i snitt 0,285 /jegertime i 2022-2024. Mål for kommande planperiode er å halde det på 0,3/jegertime.

Handlingsdel – avskytingsplan

Handlingsdelen i planen skal legge rammene for avskytinga i Årdal Bestandsplanområde, det er likevel grunn til å nemne at det er litt ulike tilhøve knytt til hjortemengd og skadeproblematikk på ulike stadar i kommunen. Planen vil ta høgde for dette, og har fokus på at totalen skal vere rett. Det er valda/medlemene som er den juridiske eininga og som får tildelt løyver etter fordelinga i denne bestandsplanen.

Årdal bestandsplanområde meiner hjortestamma er sunn og frisk. Vi ser og at uttak av tilvekst (ungdyr og kalvar) er som planlagt. Dette meiner vi er positivt i høve til å nå målet om mot stabilisering av bestanden totalt i planområdet. Dette er og viktig for å nå målsetting om høg alder på dyr som går att i skogen.

Resultata for 2022 – 2024 syner at vi kom i mål med uttak av ungdyr og reduserte uttak av produksjonsdyr. Snittet for planperioden syner eit snitt på 64,6 % uttak av ungdyr. For dei to føregåande planperiodane er den snitt på 54,2% for 2016-2019 og 63,2% for 2019-2021. Det er forslag at avskytingsprofilen vert som i førre periode.

Avskytingsplan

Årdal bestandsplanområde søker om godkjenning av bestandsplan for treårsperioden 2025 - 2027 med ei årleg kvote på 301 dyr, til saman 903 løyve for heile planperioden.

Avskytingsmålet for heile planområdet samla er eit årleg uttak på ca 225 - 250 hjort dei 3 neste åra.

Jakttutaket for perioden samla skal fordelast slik:

- Maksimum 15 % eldre hanndyr
- Maksimum 10 % spissbukk
- Kalv og ungdyr samla skal utgjere minimum 65 %
- Fordelinga mellom kjønn for alle årsklassar samla skal ha overvekt av hodyr. 55/45, ho og han.

Det vert søkt om godkjenning av bestandsplanen med ei årleg tildeling på 301 fellingsløyver pr år til saman 903 for heile planperioden. Fellingskvoten vert fordelt på valda i samsvar med tabellen nedanfor.

Tek atterhald om godkjenning av nye vald etter endringar i Eldegarden storvald og Driftsplanområde.

Fordeling av fellingskvote til valda

Offerdalen	Valdnavn	AREAL (daa)	Minsteareal daa	Utrekna tildeling pr år	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
						Kalv han / ho 30%	Eldre ho 22%	Ungdyr Ho 23%	Ungdyr han 10%	Eldre han 15%
1424V0001	Almenningen	5414	576	9.40	9	8	6	6	3	4
1424V0004	Skogli	5160	576	8.96	9	8	6	6	3	4
1424V0005	Fornabu	4751	576	8.25	8	7	5	6	2	4
1424V0006	Indre Offerdal	12727	576	22.10	22	20	15	15	7	10
1424V0027	Ytre Offerdalen	13763	576	23.89	24	22	16	17	7	11
	Totalt	41815			72	65	48	50	22	32
Seimsdalen/ Nundalen/Hæreid Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)	Minsteareal daa	Utrekna tildeling pr år	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
						Kalv han / ho 30%	Eldre ho 22%	Ungdyr Ho 23%	Ungdyr han 10%	Eldre han 15%
1424V0008	Seimsdalen vest	16070	720	22.32	22	20	15	15	7	10
1424V0009	Seimsdalen aust	8404	720	11.67	12	11	8	8	4	5
1424V0011	Kletta	1843	720	2.56	3	3	2	2	1	1
1424V0012	Nundal Vest	3002	720	4.17	4	4	3	3	1	2
1424V0014	Nundal Aust	3484	720	4.84	5	5	3	3	2	2
1424V0040	Hæreid	7881	720	10.95	11	10	7	8	3	5
1424V0042	Øvstetunskorane	2827	720	3.93	4	4	3	3	1	2
	Totalt	43511		60.43	61	55	40	42	18	27
Vikadalen Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)	Minsteareal daa	Utrekna tildeling pr år	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
						Kalv han / ho 30%	Eldre ho 22%	Ungdyr Ho 23%	Ungdyr han 10%	Eldre han 15%
1424V0019	Mjøkeflaten	1144	576	1.99	2	2	1	1	1	1
1424V0020	Natvik	20915	576	36.31	36	32	24	25	11	16
1424V0032	Hovland	8270	576	14.36	14	13	9	10	4	6
	Totalt	30329		53	52	47	34	36	16	23
Utladalen Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)	Minsteareal daa	Utrekna tildeling pr år	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
						Kalv han / ho 30%	Eldre ho 22%	Ungdyr Ho 23%	Ungdyr han 10%	Eldre han 15%
1424V0023	Avdalen	3411	864	3.95	4	4	3	3	1	2
1424V0025	Vetti	19194	864	22.22	22	20	15	15	7	10
1424V0026	Hjelle	7191	864	8.32	8	7	5	6	2	4
	Totalt	29796			34	31	22	23	10	15
Eldegarden Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)	Minsteareal daa	Utrekna tildeling pr år	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
						Kalv han / ho 30%	Eldre ho 22%	Ungdyr Ho 23%	Ungdyr han 10%	Eldre han 15%
1424V0038	Eldegarden	37376	720	51.91	52	47	34	36	16	23
05-022	Moa	6000	720	8.33	8	7	5	6	2	4
05-023	Vee	12800	720	17.78	18	16	12	12	5	8
05-024	Eldegarden	3900	720	5.42	5	5	3	3	2	2
05-025	Berge/Lægreid	15000	720	20.83	21	19	14	14	6	9
04-020	Svalheim	2300	720	3.19	3	3	2	2	1	1
04-021	Øygarden	1350	720	1.88	2	2	1	1	1	1
	Totalt	41350	720	57.43	57	51	38	39	17	26
Fardalen										
1424V0016	Fardalen storvald	21374	864	24.74	25	23	17	17	8	11
Samla for driftsplanområdet	Valdnavn	AREAL (daa)	Minsteareal daa	Utrekna tildeling pr år	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
						Kalv han / ho 30%	Eldre ho 22%	Ungdyr Ho 23%	Ungdyr han 10%	Eldre han 15%
	Totalt planomr	204,201			301	271	199	208	90	135
	Felling med 75% pr år				226	203	149	156	68	102
	Rest etter planperioden									226

Tabellen over syner tildelingar pr driftsplanområde og det enkelte vald. I denne plan er det lagt opp til same arealgrunnlag som for førige periode.

Overføring av fellingsløyve mellom vald, samjaktavtale.

Det er høve å overføre fellingsløyve mellom valda i bestandsplanområdet jfr §19 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

For Årdal Bestandsplanområde gjeld denne bestemmelsen vald innanfor heile bestandsplanområdet utanom driftsplanområde 4 Utladalen. Utladalen beheld ordningen med at det er høve til å flytte løyver mellom vald innanfor driftsplanområdet.

Dette kan gjerast både ved at valda overfører fellingsløyve gjevne i eit vald til eit anna vald og ved at vald let andre vald få jakte på sin fellingskvote på deira areal. Føremålet med slik overføring er å ha fleksibilitet for å nå måla i bestandsplanen og for å avverje skadepress på landbruksnæring og anna. Det er og høve å overføre ein mindre del av den årlege fellingskvoten frå eit år til eit anna.

Det skal vere skriftleg avtale mellom partane. Avtale ligg som vedlegg i plan

Valda sjølve avtalar og organiserer overføring av fellingsløyve eller fellesjakt.

Valdet er sjølve ansvarleg å få samtykke av alle jaktrettshavarar innanfor eige vald.

Felte dyr ved fellesjakt/overføring av fellingsløyve skal rapporterast frå dei valda dei er tildelt.

Fordeling av kvoten

Det enkelte vald får tildelt heil kvoten for heile planperioden

Tiltak for å halde på høgt uttak av kalv utan fri avskyting;

- Det vert føreslege å vidareføre ordninga med ikkje ha fellingsavgift på kalv som i førre periode
- Det enkelte vald kan lage sine egne reglar for å auke uttaket av kalv.

Innsamling av kjeve til fluor og CWD prøvar

Det skal i planperioden samlast inn kjevar og vekt på felte dyr til måling av fluor, vekt og kondisjon. Veterinærinstituttet er ansvarlege for prosjektet og kostnadane vert dekkja av Hydro Aluminium.

Det er tidigare samla inn kjevar 1996-1998 ifm fluorregistrering i regi av Hydro Aluminium. I 2013 hadde vi innsamling i eigen regi, der aldersbestemming var hovudårsak til innsamling. Det vart også på denne undersøkinga gjort registreringar av fluor.

I tidlegare planperioder vart 80% av kjevane frå felte dyr samla inn for aldersbestemming og test for fluorskade. Over 90% av felte dyr vart det tatt CWD prøvar av i Årdal kommune. Alle CWD prøvar var negative. Når det gjeld fluorskade på hjort så ser ein at det framleis er eit problem med fluorskade på hjort.

Endringar i oppheng av kjevar har gjort tilhøva betre for dei som handterer kjevane i ettertid. Ei ordning vi har fått positive tilbakemeldingar på hjå kommunen og som vi ynskjer å fortsette med

Vi har god dialog med Hydro og ser framleis på å få til eit merkeprosjekt for å avklare kvar hjorten er når den vert eksponert for fluor.

Prosjektet kan og bidra til å sjå noko av trekkmonsteret til hjorten i området og gjerne vere grunnlag for ny diskusjon om kvar yttergrensene for bestandsplan skal gå.

Fokuset på CWD har ført til auka uttak av hjort i grenseområda mot Nordfjella. Det er innsamla prøvar frå om lag alle felte dyr i Årdal sidan 2016. Avgjersle frå Mattilsynet og Miljødirektoratet kan påverke kva uttak som skal gjerast i planperioden.

Det er registrert ein del fluorskade på hjort ifm kjeveinnsamlingen. Det vert årleg analysert fluorskade som vert utført av Veterinærinstituttet, rapport for dette ligg ute offentleg.

Me oppfordrar dei vald som er tett opp mot Årdal Metallverk å ta ut dyr i nærområdet.

Jakttider

Jakttida for hjort og elg er utvida i Årdal kommune. Jakta startar 15 august og varar ut januar med opphald i julehøgtida. (Gjeld om forskrift for utvida jakttid er godkjent)

Som CWD tiltak forventar vi at det forsett i kommande planperiode.

Det er stilt nokre etiske spørsmål knytta til jakta i januar spesielt ved uttak av koller som kan bære kalv. Januarjakt er tiltenkt å kunne målrette uttaket på innmark dersom ein ser einskilte morlause kalvar. Ein har også her ein mulighet å målrette "skadehjort", eller hjort som ein opplever er til fare for trafikken.

Den tidlege jakta i august/ september er det stor sjanse for at kollene forlét kalven sin for å reise på beite. Om jakt skal utøvast på denne tida, så bør ein her praktisere å ta ut andre dyr enn koller.

Når det gjeld jakttider ser vi at vi i den utvida jakttida tek ut om lag 20% av felt hjort, dette fordelar seg likt i august og januar jakta. Det betyr at utvida jakttid påverkar uttaket betydeleg.

Årdal utvida jakttid 2019-20	Kalv	Ungdyr	Vaksne	SUM
August				
Januar	1	1	2	4
SUM	1	1	2	4

Årdal utvida jakttid 2020-21	Kalv	Ungdyr	Vaksne	SUM
August	7	10	7	24
Januar	9	4	3	16
SUM	16	14	10	40

Årdal utvida jakttid 2021-22	Kalv	Ungdyr	Vaksne	SUM
August	6	10	8	24
Januar	13	2	9	24
SUM	19	12	17	48

Årdal utvida jakttid 2022-23	Kalv	Ungdyr	Vaksne	SUM
August	4	4	3	11
Januar	8	6	2	16
SUM	12	10	5	27

Årdal utvida jakttid 2023-24	Kalv	Ungdyr	Vaksne	SUM
August	3	8	4	15
Januar	4	3	3	10
SUM	7	11	7	25

Årdal utvida jakttid 2024-25	Kalv	Ungdyr	Vaksne	SUM
August	9	5	9	23
Januar	11	7	5	23
SUM	20	12	14	46

Tabell over syner uttak av dyr i den utvida jakttida.

Bestandsplanområdet ynskjer å få til ein ordning der uttak av hodyr, ung og vaksen, i januar ikkje er tillate. Dette av etiske grunnar.


Kompetanseheving

Kvart år før jaktstart skal det holdast jegermøte der status og forvaltning er tema. Dette for å formidle status etter fjorårets jakt og kva som er viktig ved årets jakt for å klare målsettinga i bestandsplan. Hjortesenteret på Svanøy vert brukt som fagleg bistand ifm utarbeiding av plan og spørsmål knytta til forvaltning. Representantar for styret vert oppmoda til å delta i møter og seminar som omhandlar hjorteviltforvaltning.


ELG

Forvaltning av elg er vanskeleg med så liten bestand. Ein må etter kvart spørje seg om det er eit haustningsverdig overskot av elg i kommunen? Kva mål skal ein sette når bestanden er så liten og uttak av produksjonsdyr vil ha stor påverknad.

Sidan midten av 90 talet har fellingen av elg jamt gått nedover.




Som ein ser av graf over har det gått nedover på skutt elg, i 2024 vart det ikkje felt nokon.




Felt elg fordelt på alder og kjønn 2016-2024

Periode 2016 - 2024	Elg	Hjort
Felt i snitt av sett	13,38 %	13,34 %
Sett og skutt totalt	Sett 142 / skutt 19	Sett 12 243 / Skutt 1634
Snitt sett og skutt pr år	Sett 15,7 / skutt 2,1	Sett 1360 / Skutt 182



Uttak av produksjonsdyr kontra ungdyr og kalv syner 42 % produksjonsdyr frå 2016-2024



Grafen syner sett elg kontra skutt.

Det er registrert eit fallvilt på elg sidan 2016. Ein elg med skade/sykdom som årsak.

Bestandsplanområdet for hjortevilt foreslår at om det skal vere jakt på elg så er det kun er uttak av ungdyr eller kalv. Elgjakta må da vere ein del av bestandsplan for hjortevilt og tildelast som frie dyr men styrt av bestandsplan til å ta ut ungdyr eller kalv. Minsteareal for tildeling av elg er 10 000 da det vil sei at ein truleg må halde på tildelinga som for føregåande år. Det er såleis opp det enkelte vald å styre uttaket om ein ikkje godkjenner eigen bestandsplan for elg slik det er for hjort. Alternativet er et ein nyttar seg av 50% regelen ved tildelinga i ein periode og evt at vald avstår frå tildeling.


Vi har som mål å leggja til rette for ein høgare elgstamme i kommunen. På sikt må vi ha som mål å auka stammen slik at ein kan få til eit høgare årleg felling av elg.

Skal bestanden av elg aukast kan tiltak som freding og kun uttak av ungdyr og/eller kalv vere tiltak som kan virke.


Bestandsplanområde sitt årsmøte foreslår å vidareføre gjeldande tildeling men oppmodar om at det kunn vert tatt ut ungdyr sjølv på tildeling av vaksne/ frie dyr.

Bestandsplanområde oppmodar også at det vert registrert sett elg også på hjort- og rådyrjakt for å få eit betre datagrunnlag når resultata skal evaluerast.


RÅDYR




Det har ikkje vore den forventade auke i fellingar i samband med auka tildeling for 2022-2024.



Oversikt felt rådyr pr vald sidan oppstart av rådyrjakt i 2019.



Oversikt over fallvilt på rådyr i perioden 2016 - 2024



Oversikt over årsaker til død på fallvilt for rådyr 2016-2024

Dagens bestandssituasjon:

Det er ikkje registrert rådyr i Vikadalen og Offerdalane

Det er betydeleg reduksjon i Fardalen og Utladalen.

Periodevis svingninger i forhold til snømengder og rovdyr

Det er ikkje registrert auke i bestanden i dei områder det vart opna for jakt.

Ser skader på villahager, Seimsdalen. Plager med flått har auke

Eldegarden har ikkje hatt felling av rådyr sidan oppstart av rådyrjakt i 2019.

Ønsket situasjon:

Ein stabil og sunn rådyrbestand.

Akseptable trafikkproblemer

Auka uttak av rådyr i områder med skade og fallvilt

Minstemål 3750 da

Hovedmål Rådyr:

Bærekraftig forvaltning av Rådyrstammen i Årdal kommune








Delmål:

- Avskyting i henhold til bestandsstørrelsen.
- Rådyrbestanden skal ha en variert og god kjønns og aldersstruktur.
- Dei ulike vald skal forsøke å ha et uttak på 30 % bukk, 20 % geit og 50 % killing av det totale jaktuttaket.
- Opparbeide gode teljings- og avskytingstabellar til bruk i forvaltninga i planperioden.
- Halde på tildelinga i komande planperiode
- Finne tiltak for å auke uttak i dei områda med skade og flåttproblem.





VEDLEGG RESULTAT I DEI ULIKE DRIFTSPLANOMRÅDER OG AVTALE OM FLYTTING AV LØYVER

RESULTAT DEI ULIKE DRIFTSPLANOMRÅDA 2016 - 2024

DRIFTSPLANOMRÅDE OFFERDALEN, FELT



DRIFTSPLANOMRÅDE OFFERDALEN, SETT



Oppsummert:

Tildelt i perioden: 216

Felt i perioden: 156









Rest 60

Fellingsprosent i snitt på 72,2% i perioden






28% er felt på innmark.

Sett hjort i ulike kategoriar ligg på plan.

DRIFTSPLANOMRÅDE HÆREID, SEIMSDALEN OG NUNDALEN. FELT



DRIFTSPLANOMRÅDE HÆREID, SEIMSDALEN OG NUNDALEN. SETT



Oppsummert:

Tildelt i perioden: 185

Felt i perioden: 84

Rest 99









Fellingsprosent i snitt på 45,9% i perioden

Høg andel felte produksjonsdyr i høve til plan






Høg andel felte bukk i høve til plan.

Tal jegertimar er drastisk redusert i perioden.

DRIFTSPLANOMRÅDE FARDALEN. FELT



DRIFTSPLANOMRÅDE FARDALEN. SETT



Oppsummert:

Tildelt i perioden: 75

Felt i perioden: 64









Rest 11

Fellingsprosent i snitt på 85,3% i perioden







Felt kjønn og alder iht plan på måltal for perioden

Sett litt mindre hjort pr jegertime i perioden vs tidligere

DRIFTSPLANOMRÅDE UTLADALEN. FELT



DRIFTSPLANOMRÅDE UTLADALEN. SETT



Oppsummert:

Tildelt i perioden: 102

Felt i perioden: 44









Rest 58

Fellingsprosent i snitt på 42,2% i perioden.







Felt høg andel ungdyr i planperioden

Sett hjort pr jegertime i perioden er under måltal. Dette har vore lågt slik sidan 2016 om ein ser vekk frå 2019.

DRIFTSPLANOMRÅDE ELDEGARDEN. FELT



DRIFTSPLANOMRÅDE ELDEGARDEN. SETT



Oppsummert:









Tildelt i perioden: 159

Felt i perioden: 93







Rest 63

Fellingsprosent i snitt på 58 % i perioden.

DRIFTSPLANOMRÅDE VIKADALEN. FELT



DRIFTSPLANOMRÅDE VIKDADALEN. SETT



Oppsummert:

Tildelt i perioden: 156

Felt i perioden: 111

Rest 63

Fellingsprosent i snitt på 71,2 % i perioden.

VEDLEGG:

Bestandsplanområde for hjortevilt i Årdal kommune

Samjaktavtale

Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 19 opnar for samjakt mellom vald i same bestandsplanområde. Det er KUN dei valda som har levert innmeldingserklæring og som er godkjende medlemmar av bestandsplanområdet som har moglegheit til samjakt mellom vald. Flytte/ overføre løyve mellom vald innanfor bestandsplanområdet kan berre skje dersom jaktrettshavarar er samde i dette.

Kopi av samjaktavtala skal sendast til leiar i bestandsplanområdet. Dokumentet skal medbringast under jaktutøvinga. Styret skal få melding viss det fellast dyr som følgje av samjakt mellom vald. Då vert det mogleg å vurdera effekten av samjakt i ettertid.

Det er det valdet som har fått tildelt aktuelle fellingsløyve frå kommunen som skal rapportera fellingsresultat og som vert fakturert for fellingsavgift. Sett hjort registrering skal skje på det valdet det er blitt jakta på.

Vald nr _____

Vald nr _____

-sign valdansvarleg-

-sign valdansvarleg-

Samjaksavtala gjeld i følgjande periode:

Særskilde vilkår (korleis løyve, kor kan løyva nyttast m.m.):

Årdal 27.04.2022